



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## ■ rundskriv nr. 07/18

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Ungdomsskolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
30.05.2018	64320/2018/A40

### **Innhenting av standpunkt og eksamenskarakterar - våren 2018**

Inntak til vidaregåande opplæring blir gjort på grunnlag av endelige standpunkt og eksamenskarakterar. Vi ber med dette ungdomsskulane om å sende oss fil med karakterar. Fila lagar de som før i det skuleadministrative programmet til skolen og lagrar den på ein stad de kan finne den att.

Fila med standpunkt og eksamenskarakterar skal leverast i opplastingsportalen Vigo Skole. Ein må logge inn med IDporten, det vil seie MinID eller bankID for å få laste inn fila i opplastingsportalen. Inntakskontoret kontakta alle ungdomsskular hausten 2014 og har fått namn på ein person som skal administrere brukarar ved eigen skule. Spørsmål om dette kan rettast til inntakskontoret på inntak@mrfylke.no.

Adressa til portalen er:


<https://www.vigo.no/vigor/servlet/main?cmd=Login>

De får no feilmeldingar ved opplasting til portalen dersom noko i fila er feil, og **må kontakte systemansvarleg for det skuleadministrative systemet dykkar** dersom de treng hjelp til å rette opp feilen. Men ver merksam på at portalen ikkje vil seie ifrå dersom de legg ved feil fil, f.eks avgangselever eller karakterar frå første halvår i staden for standpunkt-karakterane. Det blir difor like viktig at Utdanningsavdelinga kan nå skulen dersom vi får feil fil levert til oss.

**Pass på at de har den siste versjonen av det skuleadministrative systemet.**

Dersom ein har lagra filer frå dei skuleadministrative systemet før, kan det vere lurt å gå inn og slette alle desse før de lager nye filer slik at de ikkje sender oss feil fil.

Når fila er lagra på eigen datamaskin kan de sjekke at fila har rett innhold. Fila kan opnast i "Notisblokk". Når fila opnast i Notisblokk skal dei tre første linjene i fila sjå slik ut (her er eit eksempel frå Wis Skole, eit anna skuleadministrativt system vil lage eit anna namn f.eks Sats skole, Visma Unique osv):



## **Kontrollarbeid**

Før de sender inn fila, ber vi om at de kontrollerer at:

- Det berre er brukt lovlege karakterar.
- Karakterfila må innehalde både fødsels og personnummer, til saman 11 siffer. For at rett elev skal bli registrert med rett karaktersett, er det heilt avgjerande at fødsels- og personnummer er rett.
- Standpunktakarakterane, karakterane frå skriftleg- og munnleg eksamen og karakterar i fag avslutta i 8. og 9. klasse skal vere med i karakterfila.
- Elevar som går 11. skuleår har krav på å nytte dei beste karakterane frå 10. og 11. skuleår ved inntak til vidaregåande skule. Karakterfila må innehalde dei beste karakterane i dei enkelte faga.
- Vi treng også karakterfil for dei elevane som har søkt om inntak på grunn av behov for særskilt tilrettelegging. Dei fleste av desse skal konkurrere om skuleplass saman med dei som har søkt om inntak på ordinært inntak, ut frå karakterane dei har frå grunnskulen.

## **Minoritetsspråklege elvar utan norsk personnummer**

Karakterar for elevar utan norsk personnummer vil ikkje bli med i fila, og de må difor sende oss ein kopi av vitnemålet til desse elevane pr.post slik at vi kan saksbehandle dei for seg sjølv. Elevane vil ikkje få karakterpoeng å konkurrere med dersom vi ikkje får kopi av vitnemålet.

**Vi viser til kapittel 3 i forskrift til opplæringslova, samt heimesida til Utdanningsdirektoratet om retningslinjer for føring av vitnemål i grunnskulen.**

### **Frist for innsending**

Karakterfil sendast til opplastingsportalen **så snart som mogleg etter siste fellessessur**. Vi har svært kort tidsfrist før 1. inntaket, så av omsyn til kontrollarbeidet må vi be om at standpunkt og eksamenskarakterane blir innsendt så snart dei er klare.

**Seinast fredag 22. juni 2018, må skulane ha lagt ut fila i opplastingsportalen.**

**Vi tek sikte på å bli ferdige med å laste inn karakterane frå ungdomsskulane i løpet av veka 26. Det må vere nokon tilgjengeleg ved skulen denne veka slik at vi kan få hjelp dersom det er feil karakterfil eller andre feil i fila vi får.**

Ta kontakt med Cecilie Buaas dersom de har spørsmål.

Får de feilmeldingar ved innlasting til portalen må de kontakte systemansvarlige for det skuleadministrative systemet dykkar.

**Tilbakemelding på at fila er OK:**

Når de går inn i skulemodulen vil de sjå om fila ligg der eller ikkje. Er den under arbeid hos utdanningsavdelinga vil det ligge ein dato på at fila er henta av fylket. Er fila vekk så har vi sletta den fordi at den er OK og ferdig innlasta. Vi ber om at de tek kontakt med oss dersom fila framleis ligg i skulemodulen ved utgangen av veke 26 sjølv om det står at fila er henta av fylket.

Med helsing

Geir Løkhaug  
seksjonsleiar

Cecilie K. Buaas  
rådgivar

Gjenpart:  
Fylkesrådmannen  
Fylkesordføraren  
Lærarorganisasjonane  
Utdanningsutvalet  
Yrkesopplæringsnemnda